



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

## Høring av søknad om løyve etter forureiningslova til undervasssprenging - Westcon Yard Florø. Ber om uttale innan 20. november 2023

Westcon Yard Florø søker om løyve til undervasssprenging av ca. 4 000 m<sup>3</sup> fjell over 500 m<sup>2</sup> sjøbotn. (Figur 1). Formålet er auka seglingsdjupne framfor innseglinga til ei ny tørrdokk som skal byggjast. Arbeida skal utførast frå lekter. Utsprengte massar skal lastas på splittlekter og slepast til utfylling på Fjord Base AS sitt område ved Persholmen. Arbeida skal skje etter føringar beskriven i sprengningsplan. Like inntil tiltaksområdet blei det utført tilsvarende undervasssprenging og mudring av masser i 2014/2015. Det blei montert lydmålarar på slaktermerdene til Slakteriet AS (800 meters avstand) og ingen negativ påverknad blei observert/målt.



Sjøbotn i tiltaksområdet blei ROV filma i februar 2022. Statsforvaltaren har fått tilsendt filmen og me vurderer at sjøbotn som skal utdjupast består av sand, grus og stein over fast fjell. Då det er svært lite finstoff i området som skal mudrast/utdjupast har Statsforvaltaren i møtereferat 13. april 2022 avgjort at spesifikk prøvetaking i mudringsområdet kan utelatast. Utfylling i regi av Fjord Base er regulert i eiga løyve frå Statsforvaltar, siste endra 13. juni 2023.



Westcon opplyser i oppdatert framdriftsplan for arbeida (datert 19. oktober 2023) at opplasting av lausmasser i sjø er estimert til 15 dagars arbeid og at sprenging og opplasting av strengt stein er estimert til 20 dagar. Arbeida er anteke vert utført i perioden januar til mars 2025.

Alden hamneområde har i vedtak 2. mai 2023 gjeve løyve til tiltaket etter hamne- og farvannslova. I referat frå forhåndskonferanse med Kinn kommune datert 12. april 2022 er det referert at kommunen vurderer at tiltaket, "bygge ny tørrdokk og utdjupe innseglinga til dokka" er i samsvar med gjeldande kommunedelplan.

Søknad med vedlegg er vedlagt søknaden. Søknaden blir lagt ut på Statsforvaltarens heimeside <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

### **Ber om uttale innan 20. november 2023**

Statsforvaltaren ber om uttale frå Kinn kommune om det omsøkte tiltaket er i samsvar med vedtak etter plan- og bygningslova. Vi ber Bergens sjøfartsmuseum, Slakteriet AS, Fiskeridirektoratet og Sør-Norges Fiskarlag om å vurdere tiltaka ut frå omsyn til marine kulturminne og fiskeriinteresser.

Uttaler kan sendast til [svflpost@statsforvalteren.no](mailto:svflpost@statsforvalteren.no). Statsforvaltaren ber om at de sender eventuelle uttaler til søknaden til oss innan 20. november 2023 til [svflpost@statsforvalteren.no](mailto:svflpost@statsforvalteren.no), merk med referansenummer 2022/3787. Dersom de ikkje har merknader set vi pris på om dykk gir beskjed om det.

Med helsing

Magne Nesse  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Søknad
- 2 Vedlegg Mudringsområde
- 3 Vedlegg Sprengningsplan
- 4 Vedlegg Vedtak etter hamne- og farvatnslova
- 5 Referat forhåndskonferanse Kinn kommune

Kopi til:

Westcon Yard AS, Florø

### **Mottakerliste:**

Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Bergens Sjøfartsmuseum			
Sør-Norges Fiskarlag			
SLAKTERIET AS	Postboks 393	6901	FLORØ